

Karmøy kommune

Postboks 167

4291 KOPERVIK

Dykkar ref.:

21/1132-77

Dato: 07.12.2022

Saksnr.: 2021/25241

Dok.nr.: 32

Saksbehandlar:

Angunn Skeiseid

**Karmøy kommune - gnr 142 bnr 6 med fleire - detaljregulering -
Storasund havn - 4012-4 - høyring - fråsegn vedrørande kulturminne**

Fylkesdirektøren, ved seksjon for kulturarv, viser til detaljregulering for Storasund havn som er på offentlig ettersyn.

Fylkesdirektøren har vurdert forslaget til detaljregulering i det aktuelle området, som sektormyndigheit innanfor kulturminnevern.

Innanfor planområdet ligg det eit automatisk freda kulturminne, freda i medhald av kulturminneloven §4 – gravminne med ID 23740.

I brev frå fylkesdirektøren datert 11.05.2021 påpeikte vi at kulturminnet måtte sikrast i planen med omsynssone 11-8 d) H730, og med ein bevaringssone rundt, omsynssone 11-8 c) H570 med tilhøyrande bestemmingar. Dette er gjort i plan på offentlig ettersyn og fylkesdirektøren vil rose planforslagsstillar og -planmyndigheit for at kulturminnet i så måte er sikra og ivaretatt på ein god måte.

Fylkesdirektøren vil også påpeike at det er positivt at steingarden mellom gnr 142/20 og 142/651 skal bevarast.

KBA - kombinert bebyggelse og anleggsgføremål – tenesteyting/sjøbodar

Fylkesdirektøren meiner at føresegn §7.3 *Utforming* er ei god føresegn, men forutset at ein tek inn i planføresegnene at ein seinare byggesøknad skal sendast på høyring til kulturminnemyndigheitene.

Fylkesdirektøren vurderer ut frå omsynet til gravhaugen, at dei bygga med med den høgaste mønehøgda (7 meter frå planert terreng) vert plassert lengst søraust innan føremålet - og dermed lengst mogleg vekk frå gravminnet. Ein bør også vurdere nøye kva for materiale ein skal ta i bruk som kledning og tak på desse bygga, slik at dei på best mogleg vis glir inn i landskapet og tek omsyn til gravhaugen og omgjevnadene rundt denne.

Skilt

Fylkesrådmannen vil oppfordre tiltakshavar til – i samarbeid med Rogaland fylkeskommune – å utarbeide og få oppført eit skilt, som informerer folk som ferdast i området om bautasteinen og at den er eit automatisk freda kulturminne. Skiltet må ikkje

plasserast innanfor omsynssone d), men kan førast opp innanfor omsynssone c). Eit slikt skilt må med tanke på innhald, utforming og plassering på førehand godkjennast av kulturminnemyndigheitene.

Vi vil dessutan gjere merksame på at dersom det skulle dukke opp tidlegare ikkje kjente funn av automatisk freda kulturminne ved gjennomføringa av planen, er det tiltakshavar si plikt å melde frå om dette til Rogaland fylkeskommune. Alt arbeid må stansast inntil vedkommande myndigheit har vurdert funnet, jfr. Lov om kulturminne § 8, 2. ledd

Helsing
Leif Håvard L. Vikshåland
fagleiar

Angunn Skeiseid
rådgjevar

Kopi til:
Statsforvaltaren i Rogaland

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.